

**HusnesNett sluttar av frå imorgon**

31.05.2014

**Nettavisas HusnesNett takker for seg i morgon, i alle fall med dei noverande eigarane. Dermed mistar også uskedalen.no ein god og trygg samarbeidspartnar. Vi har spelt på lag i ei årrekkje og har utveksla stoff og idear til beste for begge partar.**

**Grunnen til at medieveteranen Kristian Hus no sluttar av er at den faste staben sidan starten for over 5 år sidan er redusert frå 4 til under 2 personar.**

Dessuten har Kristian nådd ein alder der det å driva aktiv og dagleg journalistikk ikkje lenger kan vera ein del av livet hans, som han sjølv formulerar det. Det krev for mykje av han å vera på hogget heile tida. Dessutan er han leiar i eldrerådet.

Mange gjev no uttrykk for at HusnesNett vil verta sårt sakna og uskedalen.no er ein av dei. Det er ingen enkel sak å driva journalistikk på dugnadsbasis, i alle fall ikkje hvis ein har nådd det som kallast støvets år.....

No får ein berre vona at nokon kan ta opp arven og ansvaret etter Kristian. Det står stor respekt for hans livsverk i media i Kvinnherad.

Ola Matti Mathisen,  
uskedalen.no